

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

## Tildeling av tilskot til energiltak i kommunalt eigde bustader

Vedtaket gjeld: Lien – Kyrkjevegen 41,43,45,47,49,51,53,55,57,59,61,63,65,67,69,71 i Kvinnherad kommune, med gnr.: 82, bnr: 191

### Husbanken sitt vedtak

Husbanken har vedteke at Kvinnherad kommune får eit tilskot på

**kr 1 422 000**

Tilskotet skal brukast til å finansiere delar av kostnadene til følgande energiltak:

- Utsifting og oppgradering av vinduer

i 16 kommunalt eigde utleigebustader. Tilskotet er berekna ut frå normerte verdiar for redusert energikostnad og kostnad ved å gjennomføra desse tiltaka, samanlikna med standard i marknaden. Modellen bereknar tilskotet automatisk, og tek ikkje omsyn til dei faktiske kostnadene for gjennomføringa (sjå meir under «Når blir tilskotet utbetalt»).

### Maksimal utmåling pr prosjekt

Tilskotet kan ikkje overstiga 5 millionar pr prosjekt

### Sentrale vilkår for tilskotet

- **Formål**  
Tilskotet skal inngå i finansiering av energiltak som reduserer energibehovet i bustaden(e).
- **Husleige – avskrivning**  
Tiltak(a) skal ikkje medføre auka husleigeutgifter for leigetakarar i bustadane som er omfatta av tiltak(a). Tilskotet blir avskrive i heilskapen sin ved utbetaling.
- **Ferdigstilling**  
Tiltaket skal ferdigstillas innan eitt år frå tilsegnsdato for tildeling. Ta kontakt med Husbanken viss ferdigstilling av tiltaket tek lengre tid.
- **Endringar i prosjektet**  
Eit vilkår for tilskotet er at de gjennomfører tiltak(a) slik det er beskrive i søknaden, bl.a at dei tekniske minstekrava er oppfylte. Husbanken skal godkjenne eventuelle endringar.
- **Kontroll**

Husbanken kan innhente opplysninger og dokumentasjon som er nødvendig for å kontrollere at vilkåra for tilskotet er oppfylte. Husbanken kan gjennomføre stadleg tilsyn undervegs eller etter ferdigstilling ved behov.

- **Bortfall av tilskot**

Husbanken kan omgjere vedtaket om å gi tilskot dersom krava i forskrifta eller vilkåra i tilskotsvedtaket ikkje kan overhaldast.

- **Tilbakebetaling**

Tilskot skal betalast tilbake dersom krava i forskrifta eller vilkåra i tilskotsvedtaket ikkje blir oppfylte.

## Når blir tilskotet utbetalt?

Tilskotet blir utbetalt når de har dokumentert at tiltak(a) er ferdigstilt. **Dokumentasjon skal vere ein prosjektrekneskap, der prosjektnamn, adresse, gjennomførte tiltak og omfang kjem klart fram.** Bruk søknadskjema [«søknad om utbetaling av tilsagt lån/tilskot» \(HB 7.S.06\)](#).

### Reberegning av tilskot før utbetaling:

Ved utbetaling av tilskot vil dei faktiske kostnadene på prosjektet leggjast til grunn for ein reberegning av tilskotsbeløpet. Sjå rettleiinga til §§ 6 og 7 i forskrift om tilskot til energitiltak.

**Tilskotet kan maksimalt utgjera 50 % av dei faktiske kostnadene av tiltaka**, avgrensa oppover til opphavleg vedtaksbeløp. Høgare kostnader enn dei normerte kostnader som er lagt til grunn i berekningsmodellen gir ikkje auka tilskotsutmåling.

### Aktuelt regelverk og informasjon:

- Forskrift om tilskot til energitiltak i kommunalt eigde utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar
- Rettleier Tilskot til energitiltak i utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar: Husbanken.no: [Tilskot til energitiltak i kommunale bustader - Husbanken](#)

Ta gjerne kontakt med Husbankens saksbehandlar viss noko er uklart. Hugs å merke all korrespondanse til oss med referansenummeret de finn øvst i brevet.

Helsing  
HUSBANKEN

Anne Maria Langeland  
Direktør

May-Britt Elvik  
Rådgiver